



## Møtereferat

Dato: 20.09.2016

Emne:	<b>Referat frå møte i Sykkkelbyen Stord - 12.09.2016 - Møte nr 4</b>		
Til stades:	Til stede: Eva Birgitte Teige, Lars Tore Martinsen, Tove Vikanes Agdestein, Sylve Rusten, Ove Kvalnes, Merete Refstie Hageberg, Gunhild Raddum		
Forfall:	Harald Oddvar Sæbø	Sak: 2015/3680-7	
Møtetid:	12:00 -15:00	Møtestad: Stord	

**Møteleiar:** Ove Kvalnes

**Referent:** Gunhild Raddum

### Agenda

#### Ansvar / frist

#### 1. Referat frå møte 21.06.2016

Referat ok, men mangla sykkelparkering og oppfølging for å få dette tilrettelagt på utvalte skoler. Dette er ein oppgåve vi bør prioritere, og både grunnskoler og vidaregåande skoler må kontaktast før neste møte.

#### 2. Aktuelle sykkelveg – og gang-/sykkelvegprosjekt i Stordpakken

Lengde og kostnader er ikkje med i oversikten, og anslag må finnes i snitt per løpemeter. Stamvegen går langs E39, og så skal det være påkopling til denne vegen, samt eigne prosjekter i Stord-pakken. Fleire strekningar ble nevnt som egen sekkepost for Gang-sykkeltiltak i Stord-pakken. Gruppa gikk igjennom lista over aktuelle sykkelbyprosjekt. Denne inneheld nye gang-/sykkelvegar, utbetring av eksisterande, samt tilførselsvegar til sykkelstamvegen. Prosjekt som skilte seg ut som særleg viktige å prioritere var Kjøtteinsvegen/Saghaugen, Langelandsvegen, Verftsvegen og Utslettevegen.

Lista over aktuelle strekningar må kartleggast nærare i reguleringsplanprosessen. Det kan være aktuelt med enda en sekkepost for «interne og mindre gang- sykkeltiltak.

Det vil ikkje vere bompengar for gjennomgangstrafikken, det er lokaltrafikken som tar av frå hovudvegen (E39) som skal belastast.

**3. Status søknad om midler for 2017**

Statusgjennomgang. Det er søkt om totalt 15, 5 mill. kr til sykkeltiltak den nasjonale ordninga «*Tilskotsordning til tiltak for auka sykkelbruk i kommunar og fylkeskommunar*» . Endeleg vedtak vil finne stad etter Fylkesutvalet sin handsaming den 22.09.16Saka ligg på HFK sine nettsider, sjå: <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/DmbHandling/Details/7805>

**4. Status pågåande planer og prosjekt**

- Kårevik – er på gang og nærmar seg oppstart
- Skrivervegen – konkurransegrunnlaget er ute, samarbeid med V/A.
- Rommetveitvegen – oppstart usikkert
- Miljøgata i sentrum – planen skal snart ut på høring. Sykkelveg, ikkje felt. Reguleringsplan i november.
- Gang-sykkelveg langs vegen til Skjersholmane
- Heiane – Vabakkjen, snart ferdig regulering
- E39/Førlandskrysset, under arbeid
- E39/Grov – Boravik, detaljregulering pågår. Grunnerverv- sak.
- Teljepunkt, forsinka

**5. Status filmprosjekt frå Ibox**

Filminga er i gang, det blir lansering januar 2017.

**6. Orientering frå deltakarane på kurs i sykkelplanlegging**

Merete, Lars Tore og Eva Birgitte orienterte mellom anna frå synfaringa med sykkel i Oslo. Mykje gateparkering er teke bort til fordel for syklistar.

**7. Anna**

Ny sykkelbyavtale for dei kommande 4 åra må ferdigstillast i løpet av 2016. Alle partnare er innstilt på å vidareføre arbeidet, og Ove lager politisk sak som skal opp i kommunestyret i november. Korleis sjølvteikninga skal finne stad og kven som skal signera vart diskutert men ikkje landa.

Neste møte vil finne stad i desember, og då vil underteikning av ny avtale vere på agendaen.